



Leiv Jan Fosse
Fosse 146
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2731 - 15/20506

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
13.11.2015

Reaksjon på inngrep på eigedområde til kommunal veg - gbnr. 25/1 mfl. i Meland kommune

Viser til skriv av 26.10.2015.

Ved ein inkurie vart ikkje *Gravereglement for Meland kommune* lagt ved i opphavleg brev, men dette følgjer no vedlagt.

For å sikre trafikktryggleiken og vegkroppen på staden stiller kommunen krav om etablering av vegskulder med breidde mellom 1 - 1,5 m. Vidare må asfalten utbetrast der den er skadd.

Kommunen kan med heimel i veglova § 58 utføre desse tiltaka for grunneigar/tiltakshavar si rekning, men basert på høvesvis ditt skriv av 26.10.2015 og dei opplysningar som går fram av kommunen sitt førehandsvarsel dagsett 05.11.2015 – om pålegg og retting av terrenginngrep på same eigedom etter plan- og bygningslova (pbl.) – finn kommunen det formålstenleg at du sjølv (om nødvendig ved bruk av føretak med godkjente ansvarsrettar) står for søknad, prosjektering og utføring av desse sikringstiltaka.

Sikringstiltaka kan enten omsøkjast særskilt eller som del av ein eventuell søknad om løyve til terrenginngrep for å kome i møte krava i nemnde førehandsvarsel om pålegg og retting av allereie utførte terrenginngrep. I begge tilfelle må det søkjast om grave- og byggjeløyve, jf. høvesvis Meland kommune sine retningslinjer for graving i offentleg veg- og gategrunn pkt. 1.11 og pbl. kap. 20.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gravereglement for Meland kommune

Mottakere:

Leiv Jan Fosse

Fosse 146

5918

FREKHAUG